

# kultur

tips oss: telefon 57 88 53 10 e-post [redaksjon@fjordablaget.no](mailto:redaksjon@fjordablaget.no)

## Tine Thing Helseth til Gloppen musikkfest

Tine Thing Helseth blir rekna som ein av dei fremste trompetistane i verda. Om ei veke kjem ho som ein sju festivalmusikarar til Gloppen musikkfest. Ho skal spele på opningskonserten på torsdag 3. september. På kveldskonserter fredag 4. september, på festkonserter laurdag 5. september og på avslutningskonsert søndag 6. september. Alle konsertane i Trivselshagen.



**NYTTE OG INSPIRASJON:** Maria Berg Hestad inspirerer mange hagefrelste med nye måtar å dyrke i hagen på. No kjem ho med boka om korleis du enkelt kan dyrke grønsaker i hagen, utan å vere hageekspert. Boka kjem ut på Skald forlag i Leikanger, og blir lansert 12. september.

12. september blir boka «Dyrk enkelt» lansert på Skald forlag. Forfattar er den kjende hagebloggaren Maria Berg Hestad.

Hagebloggar og trebarnsmor Maria Berg Hestad har i fleire år hatt bloggen Det grønne skafferi. Ho brenn for at ein kjøkkenhage er vegen til det gode liv, og held foredrag om sjølvdyrking i ein travel kvardag.

### Kome i gang

No vil ho gjennom boka «Dyrk enkelt» inspirere fleire til å bruke det vi har rundt oss, og vise kor enkelt kvar einskild av oss kan komme i gang. Om du har eit lite plenestykke eller ein ubrukeleg skråning i hagen, Maria har gode råd om korleis du får til ein enkel kjøkkenhage

utan å bli hagevitar først.

### Inspirasjon

Sjølv seier ho dette om boka: – Eg vil inspirere deg til å finne glede i det som er rundt deg, i hagen din og med maten som du enkelt har dyrka sjølv – og at du, som meg, vil finne lukka på vegen mot ditt grønne paradisi!

●● Maria har gode råd om korleis du får til ein kjøkkenhage utan å bli hagevitar først.

● Sunnivafestival med marknad, miljøfokus og startskot for

## Marknad og ma



**KAN HA SETT SLIK UT:** Sunnivaskrinet med Sunniva sine leivningar blei borte kring 1536. Flåværskrinet skal vere eit anna skrin frå Selja, som kan ha sett om lag slik ut.

I dag startar Sunnivafestivalen 2020 i Selje. I år med fokus på historie, og markering av flytting av Sunniva sine leivningar til Bergen.

Stad kommune og Den norske kyrkja ved Stad kyrkjelege fellesråd er arrangørane bak Sunnivafestivalen i Selje, 28. og 29. august 2020

### 850 år sidan

I år er det 850 år sidan Sta. Sunniva sine leivningar vart flytta frå Selja til Bergen. I den samanheng vert det arrangert ein kystpilegrimsseglas frå Selja til Bergen med ein kopi av Sunnivaskrinet. Skrinet skal vere eit symbol for vår rike historie, og på stoppestadane langs leia vil konfirmanter og andre fylle skrinet med papirblomar med bønner og draumar for framtida.

### Miljøfokus

I Selje vil ein markere hendinga med eit rikholdig program, der ein startar med frukost møte på Stad hotell fredag 28. august. Her vil tema vere berekraftig reiseliv, og m.a. vil FN-sambandet vere til stades og snakke om FN sine berekraftsmål.

FN-sambandet skal også ha undervisning med skuleelevar både fredag og laurdag med etterfølgjande stranddrydding. Fredag kveld blir det kveldsbøn i Selje kyrkje og fakkeltog med skrinet til båten som skal frakte skrinet ut på klosteret. Ungdomar frå ulike trussamfunn vil vere med å bere skrinet, og følgje det vidare på ferda til Bergen. Det vert ope hus i Selje pilegrimsstove og utstillingane fredag og laurdag.

Laurdag vert det guida tur over Selja med Stad Naturguiding. Det vert også marknad og stands i Selje Sentrum laurdag.

Bua er open, og på ettermiddagen vert det konsert med Ytre Nordfjord Brass i parken.

### Ut av historia

Sunniva-skrinet med det ein meinte var beinrestane etter den heilage kvinna Sta. Sunniva, vart teke vare på på Selja til 1170. I 1170 blei bispesetet flytta frå Selja til Bergen. Samstundes blei St. Sunniva sitt skrin overført til Kristkirken i Bergen og plassert på høgalteret den 31. august 1170 av biskop Pål av Senja. Ein del av helgenskrina til Seljemennene blei truleg igjen på Selja.

Helgenskrinet blei verande i Kristkirken til 1531, då kyrkja blei rive og skrinet blei overført



til Munkeliv kloster. Skrinet med Sunniva sine leivningar forsvinn ut av historia omkring 1536, da klosteret blei nedlagt.

### Flåværskrinet

Deler av eit skrin som skal stamme frå Selja, Flåværskrinet, er stilt ut på Bergen Museum. I ein monter på muséet ligg 13 forgylte koparplater. Dei er delar av det som ein gong var eit skrin der relikviar, restar frå heilage menn eller kvinner, vart oppbevart. Skrinet på Bergen Museum kan opphavleg ha kome frå klosteret på Selja, men heldt på å forsvinne for



**FÅ BILLETTAR:** Mange vil høyre Trygve Skaug i Operahuset Nordfjord søndag 6. september.

## Nesten utseld Trygve Skaug

Onsdag denne veka var konserten med Trygve Skaug nesten utseld i Operahuset Nordfjord.

Trygve Skaug skal ha konsert i Operahuset Nordfjord søndag 6. september. Onsdag denne veka stod det på Operahuset

sine facebook-sider at det var berre nokre få bilettar igjen.

Musikken til Trygve Skaug er mellom den mest spelte på norsk radio over fleire år, og songane hans har lege til saman over 180 veker på NRK sine lister.

Som forfattar har Skaug gjeve ut fleire diktsamlingar, og har

vore den mestseljande lyrikaren dei siste to åra, i tillegg til å vere ein av dei mest delte poetane på sosiale media.

Og ikkje minst er Skaug etter kvart ein av Norge sine mestseljande artistar.

frakting av Sunnivaskrinet

# Frakting av historie



**MARKNAD I SENTRUM:** Laurdag blir det marknad med stand i Selje sentrum. Då blir det også konsert og guida tur. Fredag kveld blir det bønesamling i Selje kyrkje, før kopien av Sunnivaskrinet blir frakta ut til Selje kloster. FOTO: ARKIV

oss, fortel førstekonservator Henrik von Achen.

Ein eller annan gong etter reformasjonen har einkvan stått med eit relikvieskrin, og ikkje visst kva dei skulle gjere med det. Den lutherske kyrkja forkasta relikviar, og då kasta dei treet frå skrinet og spikra koparplatene opp på eit vanleg skåp til å ha i stova.

På attenhundretalet vart skåpet kjøpt av ein fransk hertug på Flåvær. Han vart overtalt til å selje det til ein rikmann i Bergen, og han fekk det plassert på Bergen Museum, seier Von Ac-

hen. Dei forgylte platene kom altså aldri til Frankrike. Om Flåværskrinet kom frå Selja får vi aldri vite heilt sikkert – men det er ingen tvil om at klosteret der hadde relikvieskrin.

– Vi har funne små fragment på Selja frå eit relikvieskrin. Dei har heilt sikkert hatt relikviar frå Sunniva og Seljemennene, men i tillegg kan dei ha hatt relikviar frå mange andre. Dei hadde ein stor flora å ta av.

**INGER TRÆEN**  
inger@jordabladet.no



**YTRE NORDFJORD BRASS:** Laurdag ettermiddag blir det konsert med Ytre Nordfjord brass i parken i Selje sentrum.



**POPULÆRT:** Mange vil sjå Vestland, Vestland i Operahuset Nordfjord.

## Vestland, Vestland er utseld

Teaterstykket Vestland Vestland med Sigrid Moldestad på scena og manus av Finn Tokvam er utseld i Operahuset Nordfjord torsdag 3. september.

I dette humoristiske teaterstykket «Vestland, Vestland» får publikum vite ein heil del om Sogn og Fjordane og Hordaland som dei sikkert alltid har lurt på, og ein heil del som dei ikkje visste at dei lurte på.

Kva skjedde på Gulatinget? Låg dei tyske keisarane med damene på S-laget? Går det an å flørte i dalatrekk? Er det trist når nabosvinet døyr? Kva har skjedd og kor er vi på veg? Kort sagt: Kven er vi?

Framsyinga er ei gavepakke frå Teater Vestland og Det Vestnorske Teateret til alle innbyggjarane i det nye fylket. Ei rekke påstandar, særpreg og historiske hendingar blir presenterte, gjenskapte, diskuterte og avklarte, slik at vi kan vandre vidare saman.

På scena står Claus Sellevoll frå Alversund i Nordhordland og Sigrid Moldestad frå Breim i Nordfjord. Finn Tokvam har skrive teksten, inkludert ei rekke songar som er tonesette av Odd-Erik Lothe.